

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 2-2025

Onsdag 11.06.25 vart det halde møte kl. 11.30-15.10 på Millennium, Hareid.

Til stades:

Giske kommune: politkar Marit G. Alnes (*f.o.m. kl. 12.30*)
Hareid kommune: ordførar Bernt Brandal
Haram kommune: politkar Emil Korsnes
Herøy kommune: varaordførar Karl-Oskar Sævik
Sande kommune: ordførar Dag Vaagen
Stranda kommune: ordførar Einar Arve Nordang
Sula kommune: ordførar Turid Humlen (*leiar*)
Sykkylven kommune: ordførar Olav Harald Ulstein (*nestleiar*)
Ulstein kommune: ordførar Stian Skorgen Scheide
Vanylven kommune: politkar Caroline Juul
Vestnes kommune: varaordførar Bjørn Inge Olsen
Volda kommune: varaordførar Sverre Leivdal

Forfall:

Fjord kommune: varaordførar Jens Aklestad
Giske kommune: varaordførar Harry Valderhaug
Haram kommune: varaordførar Siv Katrin Ulla Hagala
Vanylven kommune: ordførar Paul Sindre Vedeld
Vestnes kommune: ordførar Randi Bergundhaugen
Ørsta kommune: ordførar Per-Are Sørheim
Ålesund kommune: politkar Anne Berit Støyva Emblem

I tillegg møtte:

Frå styret:

Styreleiar Kenneth Langvatn, ordførar i Giske kommune (*f.o.m kl. 12.30*)
Nestleiar Sølvi Dimmen, ordførar i Volda kommune

Kommunedirektørar:

Bent Grytten, Hareid kommune
Trond Arne Aglen, Herøy kommune
Bente Glomset Vikhagen, Sula kommune
Jarl Martin Møller, Ulstein kommune
Eli Tefre Nordal, Vanylven kommune (*ass. kommunedirektør*)

Andre:

Lege og styremedlem Egil Romslo Schistad i Foreningen Sjukehuset Vårt (sak 20/25)

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen
Rådgivar Vegard Austnes

Sak 12/25: Velkommen

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Bernt Brandal ønskte velkommen til Hareid kommune. Han viste til at kommunen har eit næringsliv å vere stolt av. Næringslivet er variert med 270 store og små føretak. Kommunen er konjunkturutsatt fordi mange er sysselsett i næringslivet og det er få offentlege arbeidsplassar.

Kim Lillebø i Millennium presenterte Millennium eigeidom, kafe og cowork. Han var opptatt av å samarbeide meir i sunnmørsregionen og framstå samla. Bygge region var stikkordet.

Turid Humlen ønskte etter dette velkommen til representantskapsmøtet.

Sak 13/25: Godkjenning av innkalling

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Innkallinga vert godkjend.

Sak 14/25: Godkjenning av sakliste

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Rekkefølga på sakene vart endra slik at sak 21/25 og 22/25 vart handsama før sak 16/25. Sak 20/25 vart handsama før sak 19/25.

Vedtak: Saklista vert godkjend.

Sak 15/25: Val av to personar til å underteikne protokollen saman med møteleiar

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Dagleg leiar orienterte om at signering frå og med dette møtet vil skje digitalt.

Vedtak: Olav Harald Ulstein og Sverre Leivdal vert valde til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Sak 16/25: Årsmelding og rekneskap 2024

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Årsmelding, rekneskap og revisor si beretning låg ved møteinnkallinga.

Sunnmøre regionråd hadde i 2024 eit netto driftsresultat på kr. -174.124,86. Det er tredje året på rad med meirforbruk. Meirforbruket i 2024 skuldast m.a. kostnader knytt til pensjonsforpliktingar og kjøp av tenester i samband med rekruttering av ny dagleg leiar. Styreleiar Kenneth Langvatn opplyste om at det var kjend for styret at det vart meirforbuk i 2024.

Då styret handsama årsmelding og rekneskap i møte nr. 3-25 vart potensialet for å kommunisere innhaldet i årsmeldinga meir visuelt, og om ein bør rette seg mot publikum generelt gjennom ein annan versjon i eigne kanalar, diskutert. Vidare vart følgande vedtak fatta av styret:

«Styret godkjenner årsmeldinga og rekneskapen for 2024. Årsmeldinga og rekneskapen vert lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.»

Vedtak: Representantskapet godkjenner årsmeldinga og rekneskapen for 2024.

Sak 17/25: Omorganisering av Sunnmøre regionråd IKS og forslag til ny samarbeidsavtale

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen og styreleiar Kenneth Langvatn

Saksutgreiing låg ved møteinnkallinga.

Styreleiar orienterte om forhistoria til saka, jf. tidlegare vedtak i representantskapet i sak 17-24 om omorganisering av Sunnmøre regionråd frå IKS til interkommunalt politisk råd (IPR) med Ålesund kommune som kontorkommune.

Styreleiar viste til at oppløysing av det interkommunale selskapet (IKS) vil medføre ei eingongs innbetaling av framtidige pensjonsutgifter til KLP med ca. 3 millionar kroner. Styreleiar beklaga at ein ikkje var kjend med denne saksopplysninga når saka vart handsama i representantskapet i 2024, og etter det i kommunestyra.

Styret har på denne bakgrunn vurdert saka om omorganisering på nytt, og kome fram til at Sunnmøre regionråd kan omorganiseras frå IKS til IPR *som eige rettssubjekt*. Ei slik verksemdoverdraging utløyser ikkje krav om ekstra pensjonsinnbetaling til KLP.

Vedtak: Representantskapet i Sunnmøre Regionråd IKS sluttar seg til det nye forslaget til samarbeidsavtale, der Sunnmøre regionråd IPR vert eit eige rettssubjekt. Administrasjonen sender over sak til handsaming i kommunestyra.

Sak 18/25: Utkast til program for Arena Sunnmøre

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen og rådgivar Vegard Sperre Austnes

Skisse til program låg ved møteinnkallinga.

Arena Sunnmøre 2025 vert arrangert 19. september i Ulsteinvik. Temaet vert interkommunalt samarbeid. Det er tatt initiativ overfor Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om eit samarbeid om arrangementet.

Statsforvaltaren har innvilga prosjektskjønn til prosjekt som skal bidra til å møte omstillingsbehovet i kommunane med mellom anna meir strukturerte interkommunale samarbeid. Det er meininga å invitere desse prosjekta til Arena Sunnmøre 2025, og legge til rette for nettverksbygging, erfaringsoverføring og vidare samarbeid mellom prosjekta.

I tillegg er det meininga å invitere aktørarar frå utdannings-, innovasjons- og forskingsmiljø til Arena Sunnmøre, slik at dei kan bidra med idear og inspirasjon til arbeidet med å utvikle strukturerte interkommunale samarbeid.

Frå kommunedirektørane deltek Bente Glomset Vikhagen, Jarl Martin Møller, og eventuelt Rune Sjurgard dersom han har høve til det, i planlegginga av programmet.

Vedtak: Representantskapet ber administrasjonen arbeide vidare med Arena Sunnmøre, i tråd med dei forslaga som er presentert og sett fram på møtet den 11. juni.

Sak 19/25: Ny strategi for Sunnmøre regionråd

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Dagleg leiar orienterte om status for arbeidet med ny strategi, som starta i førre representantskapsmøtet. Styret har vedteke ein framdriftsplan, som var sendt ut som saksgrunnlag til møtet.

Arbeidet med ny strategi er no i innsiktsfasen. Dagleg leiar har snart fullført ein besøksrunde hos kommuneleiinga i alle deltakarkommunane.

På representantskapsmøtet vart det m.a. drøfta korleis kommunedirektørane skal involverast i Sunnmøre regionråd sitt arbeid. Dagleg leiar peika på at kommunedirektørane er sentrale for å realisere samarbeidet i regionrådet.

Samarbeidsmodellen på Nordmøre, med eit kommunedirektørkollegium som ein del av organiseringa av det interkommunale politiske rådet, vart trekt fram som eit godt døme på korleis kommunedirektørane kan involverast.

Sak 20/25: Orientering om PCI-tilbod

Ved dagleg leiar Sverre Øvreid Steen og lege og styremedlem Egil Romslo Schistad i Foreningen Sjukehuset Vårt

Dagleg leiar orienterte om dialogen med Helse Midt-Norge RHF gjennom kronikk og lesarinnlegg i Sunnmørsposten.

Egil Romslo Schistad i Foreningen Sjukehuset Vårt var invitert til møtet for å orientere om PCI-behandling. Bakgrunnen for det er at Sunnmøre regionråd har engasjert seg for å få på plass eit PCI-senter ved Ålesund sjukehus. PCI (utblokking) er ein teknikk for å utvide trange område i hjartet sine kransarteriar ved hjarteinfarkt.

Etablering av eit slikt PCI-senter vil både gi betre førstelinjebehandling for pasientar og gjere gjere det lettare å rekruttere fagfolk.

I drøftinga på representantskapsmøtet var det framme at Sunnmøre regionråd må vere tydeleg i argumentasjonen for PCI-senter ved Ålesund sjukehus og at det er naudsynt å arbeide politisk for å få det til.

Vedtak: Orienteringa vert tatt til vitande.

Sak 21/25: Orientering om deltaking i forskingsprosjektet «Berekraftig turisme og digitale løysinger» Ved dagleg leiar Sverre Øvreid Steen

Saksutgreiing låg ved innkallinga. Saka har vore handsama i styremøte nr. 4-25 og deltaking i forskingsprosjektet vart av tidsomsyn vedtek der. Av den grunn vart saka lagt fram til orientering.

Administrasjonen vart kontakta av Sissel Rogne, tidlegare direktør og noverande fagdirektør i Havforskningsinstituttet. Ho ønskte å ha med Sunnmøre regionråd som partner i forskingsprosjektet. Rogne sit også i styret i Runde miljøsentar og kjenner sunnmørsregionen godt.

Formålet med prosjektet er å utvikle ei samarbeidsbasert digital plattform (GP Tourism) som gir kystbaserte små og mellomstore bedrifter eigarskap til data og skaper meirverdi for både lokalsamfunn og besøkande, samstundes som klimautslepp vert redusert.

Administrasjonen si vurdering er at deltaking i prosjektet krev lite kapasitet frå regionrådet si side, men at det har ei rekke gevinstar for regionen. I tillegg er det viktig for regionrådet å byggje relasjonar og nettverk inn mot m.a. forskingsmiljø.

Vedtak: Orienteringa vert tatt til vitande.

Sak 22/25: Fast orientering frå dagleg leiar

Ved dagleg leiar Sverre Øvreliid Steen

Dagleg leiar takka for at han har vorte tatt så godt imot. Han peika på at regionrådet framover må arbeide meir strategisk.

Dagleg leiar orienterte om at Vanylven kommune har vedteke å melde seg ut av Sunnmøre regionråd. Ass. kommunedirektør Eli Tefre Nordal sa at utmeldinga hadde sitt utgangspunkt i den økonomiske situasjonen til kommunen.

Vedtak: Orienteringa vert tatt til vitande.

Sak 23/25: Referatsak:

Svar frå Helse Midt-Norge RHF og Helse Møre og Romsdal HF på uttale frå Sunnmøre regionråd med bekymring for tilbudet om spesialisthelsetenester på Sunnmøre låg ved innkallinga.

Hareid, 12.06.25

Turid Humlen

Olav Harald Ulstein

Sverre Leivdal